



Vår ref
2019/78/12/033

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Andrea Brennhaug

Dato
06.09.2019

andrea.brennhaug@skjaak.kommune.no

Referat frå møte i Brukarrådet den 5. september 2019

Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 08:00 – 10:00
Referent: Andrea Brennhaug

Sakliste:

Sak nr. 13/19: Hastesak – skjermingsvegg ved HFF bustadane.

Sak nr. 14/19: Innovasjonsprosjekt innan miljøarbeidartenesta.

Sak nr. 15/19: Høyring – Brukarstyrt personleg assistanse.

Sak nr. 16/19: Bom ved Skjåkheimen.

Sak nr. 17/19: Handicapparkering ved bussterminalen i Bismo.

Sak nr. 13/19.

Det har kome ynskje frå ein nabo om at det skal byggjarst ein skjermingsvegg på 2, 5 meter framfor dei nye HFF bustadane. Ove John Plassen ynskte å få ei uttale frå Brukarrådet før dette vart handsama i Miljø og næringsutvalget.

Brukarrådet si oppgåve er å bidra til at brukarane har best mogleg butilhøve. Intensjonen med HFF bustadane er at brukarane skal integrerast i lokalsamfunnet. Det blir ikkje tilfelle dersom ein skal byggje høge skjermingsveggar. Brukarrådet ynskjer derfor ein skjermingsvegg på maksimum 1,80 meter.

Ove John Plassen tok signala med seg til Miljø- og næringsutvalget.



Sak nr. 14/19

Hilde Reitan orienterte om innovasjonsprosjektet.

Brukarrådet valde Reidun Aaboen som representant i styringsgruppa.

Sak nr. 15/19

Uttale blir sendt direkte til www.regjeringen.no.

Brukarrådet i Skjåk har fylgjande merknad til høyringa:

- Dersom brukar er innvilga BPA før fylte 67 år bør ordninga vidareførast etter fylte 67 år, så lenge brukaren kan ivareta organiseringa sjølv. Det bør og vera uavhengig av timetal.

Sak nr. 16/19

Monica Wegner orienterte om nye fotgjengerfelt ved Skjåkheimen. Dei nye feltene gjer at bommen som er der bør flyttast og snuast.

Ove John Plassen tok ansvar for saka.

Sak nr. 17/19

Tredje øy ved bussterminalen er fjerna. Brukarrådet oppfordrar til å lage handicapparkering der. Oppfordringa vert sendt til Lars Kurt Haugen på teknisk avdeling. Han vert beden om å ta saka vidare.

Saker som vart drøfta under eventuelt:

Brukarrådet vil henstille til at innbyggjarar som har behov for tilrettelegging ved kommunevalget får den informasjon og hjelp dei treng.

Sekretær tek dette med til valgmedarbeidarane.

Monica Wegner etterlyste Brukarrådet på heimesida til Skjåk kommune.

Sekretær sjekkar om dette har fulle ut.

Reidun Aaboen orienterte om at ny TT- ordning har trådt i kraft. Nå ligg ordninga på fylkeskomma.

Brukarrådet ynskjer ei orientering frå tildelingskontoret.

Kopi til:

Hilde Reitan

Ove John Plassen